



Arkivnr: 2016/4239-83
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Revisjonsplan for rekneskapsrevisjonen i 2019

akgrunn for saka:

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen, jf. kommunelova § 77.4, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 4, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»

Drøfting:

Kontrollutvalet si handsaming av revisjonsplan, vil vera ein lekk i å sjå til at fylkeskommunen sine rekneskapar vert revidert på ein tryggande måte og at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Sekretariatet har motteke revisjonsplan for 2019 og den ligg ved saka.

Slik sekretariatet ser det, bør kontrollutvalet få høve til å koma med innspel til fokusområde i interimrevisjonen som skal gjennomførast denne hausten, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som fastset den endelege revisjonsplanen.

Normalt skal interimrevisjonsrapport leggjast fram for kontrollutvalet til handsaming i siste møte dette året. Det siste møtet i kontrollutvalet i denne valperioden vil truleg vera 25.11.2019 og det vil difor vera føremålstenleg at interimrevisjonsrapporten er klar til handsaming i dette møtet.

Konklusjon:

Det vert tilrådd at kontrollutvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2019 vert klar til handsaming i siste møte i kontrollutvalet i denne valperioden som truleg vert 25.11.2019.

Dersom det elles ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar revisjonsplan og informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt i 2019 frå Deloitte AS til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimrevisjonsrapport 2019 vert lagt fram til handsaming i kontrollutvalet sitt møte 25.11.2019.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Revisjonsplan 2019